

## IA-plan for opplæringssektoren 2015-2018

Nærværsgraden for opplæringssektoren samla er på nesten 94%. Sektoren har meir enn 4000 tilsette i ulike yrkesgrupper. Dei ulike yrkesgruppene har ulike utfordringar med omsyn til faktorar som har betydning for sjukefråveret. Kvar eining må utarbeide tiltak som tek omsyn til nærværsgraden til dei ulike yrkesgruppene. Målet er å betre nærværet for alle grupper, slik at samla nærvær for sektoren er på minst 95% ved utgangen av planperioden (2018).

### Mål for sektoren:

|                                    | 2015 | 2016  | 2017  | 2018 |
|------------------------------------|------|-------|-------|------|
| Nærværsgrad for opplæringssektoren | 94%  | 94,4% | 94,7% | 95%  |

### Tiltaksplan:

#### Delmål 1: Sjukefråver

- Det skal vere tett oppfølging av langtidssjukmelde. Det er næraste leiar sitt ansvar å syte for at det er tett og god kontakt med langtidssjukmelde. Erfaringar syner at tett kontakt med arbeidsplassen er eit viktig element for tidlegast mogeleg tilbakeføring til arbeid for sjukmelde.
- Arbeidsgjevar skal stimulere og leggje til rette for at sjukmelde er aktive etter evne.
- Arbeidsgjevar skal bidra til tilrettelegging av arbeid og arbeidsplass dersom det er naudsynt.
- Det vert lagt til rette for AktivKvarDag-aktivitetar:
  - Stimulere til fysisk aktivitet saman, også utanfor arbeidstid
  - Tilrettelegging av arbeidsplassar
- Arbeidsgjevar skal anbefale og leggje til rette for deltaking på kurs i regi av Økonomi- og organisasjonsavdelinga og NAV-arbeidslivssenter som kan ha positiv verknad på nærværsgraden.
- Alle einingar skal ha ein eigen HMT-handlingsplan. HMT-handlingsplanen skal lagast i samarbeid med verneomboda og vere tema i lokalt AMU og i leiargruppa i eininga. HMT-planen skal liggje i Kvalitetsportalen.
- IA- arbeidet i eininga skal vere sak i lokalt AMU to gonger i året.
- IA-arbeidet og betring i nærværsgrad for einingar og yrkesgrupper i sektoren skal vere tema i leiargruppa i Opplæringsavdelinga.
- 
- Einingene i sektoren skal ha HMT-ansvarleg.

## Delmål 2: Personar med nedsett funksjonsevne

- Omstillingsreglane skal leggest til grunn ved omstillingar i einigane. Dette gjeld til dømes ved skulesamanslåing eller nedlegging som følgje av gjennomføring av tiltak i skulebruksplanen.
- Personar med redusert funksjonsevne skal inkluderast ved informasjon om omstillingsprosessar.

## Delmål 3: Avgangsalder/livsfasepolitikk

- Einingane skal drøfte livsfasepolitikk i sitt IA-arbeid. Dei skal identifisere lokale utfordringar og kome fram til tiltak som inngår i plan for lokalt HMT-arbeid.

Til grunn for arbeidet skal einigane skaffe seg tal for aldersfordeling, sjukefråvær og turnover, og så langt råd er identifisere sannsynleg rekruttering, omstilling og overtal mellom dei tilsette i perioden (2015-18).